



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Robert Hjertås
Radøyvegen 3125
5939 SLETTA

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/1421 - 19/11477

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
02.09.2019

Landbrukssak Gbnr 15/10 - Nordanger - Landbruksveg - vedtak

Delegasjonssak nr.:

Viser til dykkar søknad om bygging av landbruksveg på gnr/bnr 15/10 i Radøy kommune.

Saksopplysningar:

Søkjjar er heimelshavar til gnr/bnr og vegen skal gå på denne eigedommen.

Vegen skal gje tilgang til tomte for ny driftsbygning på garden. Det skal byggjast om lag 120 meter ny veg i vegklasse 3.

Sakshandsaming:

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 2015-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

Eksisterande avkøyrsløse på garden er ikkje etter dagens standard og det er behov for ny tilkomst når driften skal utvidast. Heimelshavar må ta kontakt med vegvesenet for godkjenning av planlagd avkøyrsløse. Den nye vegen er avgjerande for at bruket skal kunne driftast rasjonelt og effektivt.

Naturmiljø

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Det er ikkje kjende registreringar lokalt av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i planområde.

Kulturminne

Saka vart send til Hordaland fylkeskommune for uttale om kulturminner:

Me viser til brev datert 19.06.19 i samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 15, bnr. 10 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde.

Ut frå vårt arkiv kan me ikkje sjå at traseen kjem i direkte konflikt med kjende automatisk freda kulturminne. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av landbruksvegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Tomt til driftsbygning

Hordaland fylkeskommune Radøy kommune sende over søknad om driftsbygning når denne liggjar føre, for vurdering etter kulturminnelova.

Landskap og friluftsliv

Vegen vil ikkje påverka landskapsbilete i særleg negativ grad. Den nye veggen skal betre tilkomsten til garden og er planlagd i eit areal som i dag ikkje er brukande til produksjon. Veggen er tilkomst til ny driftsbygning og vil ikkje ha verdi for friluftslivet.

Vedtak:

Robert Hjertås får løyve til å byggje landbruksveg som omsøkt på gnr/bnr 15/10 i Radøy kommune.

Vilkår for løyve:

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeidet med veggen må alt arbeid stogkast, og Hordaland fylkeskommune varslast (Telefon 55 23 90 00).
- Veggen skal byggast slik kart viser.

Vedtaket er gyldig til 23.08.2022

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan frist for løyve, fell løyvet bort, jf FOR 2015-05-28-550, §3-2.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Andreas Granli.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Robert Hjertås

Radøyvegen 3125 5939

SLETTA